

Avtalevilkår kjøp og installasjon av elbilladar

Generelt

Desse vilkåra gjeld for kjøp, levering og montering av elbilladar med tilhøyrande tenester (heretter kalla for «produktet») mellom Strøyma AS («seljar») og kjøpar av produktet («kunden»).

Sal av ladeutstyr til privatkundar er underlagt forbrukarlovgevinga.

Ved bestilling gir kunden Strøyma AS fullmakt til å:

Henta inn nødvendige opplysningar frå nettselskapet, for å sjekka om det er kapasitet i straumnettet der kunden er kopla til. Om det ikkje er kapasitet til 32A vil ladar bli justert ned til tillaten straumstyrke.

Dele nødvendige kundeopplysningar med våre underleverandørar på montasje og ladeutstyr. Sjå også våre retningslinjer for personvern.

Bestilling og levering

Når kunde har gjennomført si bestilling og mottatt stadfesting, oppstår det ein juridisk bindande avtale. Slik bestilling kan skje via Strøyma si nettside, over telefon eller ved å akseptere eit skriftleg tilbod frå seljar.

Atterhald om kredittvurdering

Strøyma har rett til å foreta kredittvurdering av kundar og kan avslå/kansellere leveranse i tilfelle der kunde ikkje er vurdert kredittverdig.

Levering

Produktet skal leverast på det tidspunktet og den stad som er skriftleg avtalt. Om ikkje anna er

avtalt skal produktet leverast innan 30 dagar etter kjøpstidspunktet. Levering er å rekna som skjedd når produktet er overtatt av kunde. Risikoen går over på kunde når produktet er levert. Dersom produktet går tapt, vert skada eller minskar i verdi som følgje av hendingar som ikkje skuldast seljar, pliktar kunde å betale kjøpesummen fullt ut i samsvar med avtalt nedbetalingsplan. Kunde er sjølv ansvarleg for å melda frå til eige forsikringsselskap om installasjon av produktet på sin eigedom.

Salspant

Eigedom retten til produktet vert først overført når full betaling er mottatt av seljar. Som trygging for kravet på kjøpesummen har seljar salspant i det leverte produktet inntil den heile og fulle kjøpesummen, med tillegg av renter og omkostningar er betalt, jf. pantelova §3-14 og alternativt også pantelova §3-22 (1). Produktet kan ikkje avhendast, seljast vidare eller handpantsetjast utan samtykke frå seljar. Dersom det er gjort ein nedbetalingsavtale, foreldes salspant etter eitt år, rekna frå forfalltidspunkt for det siste avdraget.

Atterhald om leveringsevne

Ein kvar bestilling og/eller avtale mellom partane er inngått under føresetnad av at seljar har leveringsevne. Dette er ikkje nødvendigvis avklart på bestillings- eller avtaletidspunkt. Kunde må vera merksam på at seljar nokre gonger dessverre må kansellera ei bestilling/avtale grunna manglande leveringsevne (døme: dersom leverandør er utseld for produktet).

Avbestilling etter synfaring

Avbestiller kunde produktet etter synfaring og før montasje, kan seljar ikkje fasthalde kjøpet og krevja betaling. Seljar kan då krevja omkostningar refundert avgrensa opp til kr 1200,- .

Avbestilling/retur etter levering

Etter at produktet er levert, blir kunde ikkje fritatt for å betala kjøpesum, sjølv om produktet vert levert tilbake til seljar.

Betalingsplikta fell likevel bort:

- ved heving
- dersom vilkåra for angrerett etter angrerettslova er oppfylt
- dersom ein rett til tilbakelevering følgjer av avtale.

Kunde har ikkje rett til å byta produktet.

Angrefrist

Dersom avtalen er inngått ved fjernsal eller utanfor fast utsalsstad, gjeld lov om angrerett av 20.juni 2014 nr.27. Kunde skal opplyst om angreretten og få angreskjemaet utlevert.

Dersom installasjon av produktet vert gjennomført og/eller kunde tar produktet i bruk før utløp av angrefristen, og seinare nyttar seg av angrerett må kunde betala for bruk kunde har gjort av produktet og tilhøyrande tenester, medgått materiell og utstyr, og i tillegg demonterings- og returkostnad for mottatt produkt/utstyr.

[Angrefristskjema](#)

PRIS OG BETALINGSVILKÅR

Kjøpesum

Kjøpesum for produktet skal være skriftleg avtalt. Kunde skal få tilsendt ordrebekrefting frå Strøyma AS som stadfestar kjøpesum for standardleveranse.

Eventuelt tilleggsarbeid som ikkje er inkludert i standardleveranse frå Strøyma AS, vert avtalt og fakturert direkte til kunde frå montasjeselskapa, Fusa Elektro eller Solheim Elektro.

Standard installasjon inkluderer:

- Synfaring av monteringsselskap for å sjekke installasjonen og gi skriftleg tilbod om det skulle verta nødvendig med ekstraarbeid

- Montering, tilkopling, konfigurering og test av 1 stk. ladestasjon
- 1 stk. dedikert kurs med opptil 32A automatsikring. (Forutset at det er plass i sikringsskap).
- Maksimal ladeeffekt avhenger av tilgjengeleg effekt i installasjon og vert vurdert av installatør.
- Alle nye kurser som overstig 20A er søknadspliktige og må godkjennast av nettselskap.
- 15 meter PFXP 6 mm² kabel forlagt opent på vegg og eventuelt i eksisterande røyr.
- 2 stk. kabelgjennomføringer i trevegg og 1 stk. innføring i sikringskap på vegg
- Montørreise i Bjørnafjorden Kommune.
- 4 timar monteringsarbeid
- Dokumentasjon av utført arbeid

Faktura og betaling

Kjøpesum vert fakturert etter at leveranse er gjennomført. Kjøpesum vil bli fakturert saman med faktura for straum og/evt. breiband. Betalingsfrist normalt 14 dagar etter fakturadato. Faktura vert sendt ut til kunde som e-faktura eller anna elektronisk sendemåte. Dersom kunde vel ein anna fakturatype (papirfaktura) kan det tilkomme fakturagebyr, etter dei til ei kvar tid gjeldande satsar. Eventuelt tilleggsarbeid som ikkje er inkludert i standardleveranse frå Strøyma AS, vert fakturert direkte til kunde frå montasjeselskapet.

Dersom kunde ikkje betalar faktura innan forfallsdato kan Strøyma AS eller montasjeselskapet sin innfordringspartner senda varsel om purring til kunden sitt registrerte mobiltelefonnummer eller e-postadresse. Ved forseinka eller uteståande betaling kan Strøyma AS krevje rente av kjøpesummen, jf. lov om rente ved forseinka betaling og krevje gebyr ved utsending av purring.

Nedbetalingsavtale

Om ikkje anna er avtalt skal betaling for produktet skje ved nedbetaling av avtalt sum over 36 månadar. Nedbetalingsavtala er heilt rente- og kostnadsfri for kunde slik at finansavtalelovens kapittel 3 om kredittavtaler ikkje kjem til bruk.

Vilkår for nedbetalingsavtales gyldigheit er at kunde er eller blir straumkunde hos Strøyma AS og at straumkundeforholdet vert oppretthaldt i heile nedbetalingsperioden. Forpliktelsen til å vera straumkunde under slik nedbetalingsavtale vert avslutta og fell bort ved at kunde betalar resterande del av kjøpesummen for produktet. Dersom kunden seier opp straumavtala med Strøyma AS, som er ein føresetnad for nedbetalingsavtalens gyldigheit, vert dette rekna som misleghald av nedbetalingsavtala, og den resterande del av kjøpesummen for produktet vert fakturert saman med sluttoppgjer og avbrottsgebyr.

Bindingstid

Avtalen er gjort under føresetnad av at kjøpar er eller blir straumkunde hos Strøyma AS i minimum 36 månadar/ 6 månader etter at avtale vert inngått. Ettersom Seljar ikkje har berekna eit etableringsgebyr, vil Kjøpar som avbryt kundeforholdet verta belasta med et avbrottsgebyr på kr 1000,- inkl. mva.

4. Force majeure

Dersom gjennomføring av partane sine plikter under avtaleforholdet, heilt eller delvis, vert hindra eller i vesentleg grad vanskeleggjort av forhold som ligger utanfor partane sin kontroll, suspenderast partane sine plikter i den utstrekking forholdet er relevant, for så lang tid som forholdet varer. Slike forhold inkluderer, men er ikkje avgrensa til, streik, lockout, uteståande eller forseinka leveransar frå seljar sine leverandørar og ein kvar anna hindring som ligg utanfor partane sitt herredømme og kontroll. Seljar kan vidare annullere og/eller sei opp avtalen eller avbryte

installasjon/levering utan ansvar ovanfor kunde dersom levering/installasjon ikkje kan gjennomførast som følge av forhold utanfor seljars kontroll som enten kompliserer installasjonsprosessen eller fører til vesentleg auka kostnader for seljar.

5. Tvist

Tvistar som partane ikkje lykkast i å løysa i minnelegheit, kan kvar av partane bringa inn for:

Forbrukarrådet, Forbrukartvistenemnda, Forlikrådet eller tingretten i samsvar med tvistelovas

alminnelege vernetingsreglar.